

Samarbeidsavtale mellom

Tokke kommune og Telemark Politidistrikt

Avtala gjeld frå og med 1/3-2012.



POLITIET



Innleiing:

Denne samarbeidsavtala er laga for å forplikte både Telemark politidistrikt og Tokke kommune til å arbeide for at innbyggerane i Tokke kommune skal ha ein trygg og god kommune å bu i.

Årsakene til kriminalitet er komplekse og kan berre bli motverka av eit breidt spekter av tiltak innanfor ulike sektorar og på mange nivå. Dette krev eit godt og nært samarbeid mellom bl.a. politiet og kommunen.

Det er eit felles mål å redusere talet på brotsverk, samt å skape eit trygt og inkluderande samfunn som er godt å leve i. Samarbeid gjev høve til gjensidig innverknad på planer, prioriteringar og etatane sitt arbeid.

Føremål:

Det overordna målet for avtala er å formalisere eit gjensidig forpliktande samarbeid. Hensikta er å fremje gode rutinar for samhandling og kommunikasjon mellom politiet og kommunen.

Samarbeidet skal utviklast mellom anna ved bruk av Politiråd og SLT-samarbeid.

Samarbeid

Samarbeidet er eit leiaransvar og må forankrast hjå båe partar. Naudsynte og tenlege møtepunkt må på plass. Både kommunen og politiet skal til ei kvar tid ha ein namngjeven kontaktperson å forholde seg til.

Implementering

Tokke kommune har utfordringar på område som storleik, geografi og spreidd busetnad. Politiet sin beredskap og innbyggerane sin tryggleik vil likevel bli teke i vare.

Både Tokke kommune og Telemark politidistrikt skal gjera sine tilsette kjent med avtala og deira ansvar i høve til relevante oppgåver, og slik sikre naudsynt medverknad i respektive organisasjonar.



POLITIET



Kriminalitetsanalyse

Politiet sine brotsverksanalyser er eit viktig utgangspunkt og diskusjonsgrunnlag med kommunens leing når det gjeld utvikling av felles strategiar og prioriteringar, samt utforming av samarbeidsløysingar og ansvars- og rolleavklaringar.

Kommunen skal hjelpe til med informasjonsutveksling og vera bidragsytar til strategiske analyser.

Førebygging

Førebygging er ein av to hovudstrategiar i arbeidet for å minske kriminaliteten. Det førebyggjande kriminalitetsarbeidet heng nært saman med det trygggleiksskapande, og det vert understreka at førebygging av brotsverk er ein del av all politiverksemd. Partane peikar òg på at det er ein føresetnad for langsiktig og brei førebyggjande innsats at heile samfunnet bidreg, med andre ord at førebygging av kriminalitet ikkje er ei oppgåve for politiet åleine (St.meld. nr. 22, Politireform 2000, 2000-2001, kap. 3.3.3.).

Politiråd

For å styrkje samarbeidet mellom Tokke kommune og Telemark politidistrikt skipast eit politiråd. Politirådet skal styrkje det lokale, fleiretatte og fleirfaglege samarbeidet. Politirådet er viktig når ein skal tenkje strategisk for å førebygge og motverke kriminalitet, og er eit supplement til, men skal ikkje erstatte, det eksisterande samarbeidet mellom kommunen og politiet.

Møte mellom politiet og kommunen gjennom det lokale politiråd skal haldast minst ein gong i året.

Tema for møta kan til dømes vera:

- Informasjon om kriminalitetsutviklinga i kommunen, politiet sin innsats, ressursbruk og resultatoppnåing, samt planar og prioriteringar
- Politiet sin innsats i høve til lokale behov og utfordringar, vaktordningar og at politiet er lett tilgjengeleg.
- Orientering frå kommunen om aktuelle saker innanfor ulike fagfelt: rus, psykiatri, helse, barnevern, skule, osb.
- Informasjon om pågåande arbeid i kommunen, næringsutvikling, trafikktryggleik, planar, ROS-analyser m.m.
- Særlege utfordringar som ein eller bae partar skal arbeide vidare med, drøftingar, avklare forventningar og avtaler om nærare samarbeid, kontaktpersonar, rutinar, arbeidsdeling m.m.



POLITIET



SLT (Samordning av lokale kriminalitetsforebyggende tiltak)

Modellen er utvikla av Det kriminalitetsforebyggende råd, for nærare info sjå:

www.Krad.no.

Modellen er utvikla for å hjelpe kommunar og politi til å nytte kreftene sine mest mogleg effektivt i møte med felles utfordringar. Fokus vert retta mot:

- Kva er dei største utfordringane for unge menneskje i kommunen?
- Kven av dei er særleg utsett for å hamne i enno større vanskar?
- Korleis kan desse få best mogleg hjelp til å meistre livet og unngå rus og kriminalitet?

SLT - modellen dannar mykje av grunnlaget for politiet sitt kriminalitetsforebyggende samarbeid med kommunane. Samarbeidet forankrast på topplan hjå politi og kommuneleiinga.

SLT - samarbeidet skal ha ein ansvarleg koordinator. SLT – styringsgruppa inngår i kommunens politiråd.

Retningslinjer

I tillegg til sentrale retningslinjer vil det også bli utarbeida lokale retningslinjer for samarbeidet i samband med til dømes arrangement, større ulykker, trafikktryggleikstiltak, samarbeid med skular og barnehagar, helsevesen, næringsliv og andre aktuelle kommunale etatar.

Vakt og beredskap

Politiet si viktigaste oppgåve er å syte for innbyggerane sin tryggleik. Ein forsvarleg vaktberedskap, saman med eit godt utvikla kriminalitetsforebyggende arbeid og ein grundig og effektiv etterforskning skapar tryggleik og gjev tillit.

Telemark politidistrikt er delt inn i funksjonelle og geografiske driftseiningar. Funksjonelle einingar dekkjer distriktovergrepande arbeidsoppgåver.

Geografiske driftseiningar dekkjer annan trong for politifagleg teneste i sitt geografiske område.

Tenestelistesamarbeid gjev betre ressursutnytting og politioperativ dekning. Listesamarbeidet gjer politiet mindre sårbare og er meir kostnadseffektivt. Dette fører i neste omgang til meir polititeneste.

Mål og resultat

Politidirektoratet fastset årlege mål og resultatindikatorar som politiet jobbar mot. Politiet skal syte for at kommunen er kjent med desse.

Dei kan i tillegg supplerast med regionale og lokale mål.



POLITIET



Oversiktsmatrise

Oversikten er ikkje uttømmende.

Samarbeidsforum	Deltakarar	Tema	Møteverksemd
Lokalt politiråd	Formannskapet, rådmann, SLT-koordinator, Politiet sin driftseiningssleiar/ tenestestadsleiar og ev forebyggjande kontaktperson	Vurdere politiets og kommunens arbeid, og drøfte felles utfordringar med tanke på systematisk samarbeid for å få størst mogleg kriminalitetsforebyggjande effekt av alt politiarbeid og kommunalt arbeid.	Minst ein gong i året
Styringsgruppe - SLT	Rådmann, oppvekstsjef, SLT-koordinator/leiande helsesystem Politiet sin tenestestadsleiar/ kontaktperson. SLT-koordinator er også sekretær	Syte for overordna rammer for den samla kriminalitetsforebyggjande innsatsen i kommunen. Informasjonsutveksling. Utarbeide mål og innarbeide desse i lokale planar, samt evaluere arbeidet. Rapportering i høve til i gangsette felles tiltak/prosjekt til politirådet.	Minst to i året
Basisgruppe oppvekst	Rådmann, oppvekstsjef, kulturkonsulent, helsesjef, rektor ved kommunens ungdomsskular og vgs, leiar av helsestasjon, psykiatrikoordinator, representant frå barnevernet og frå NAV. Kommunens ungdomsmiljøarbeidar, politiets tenestestadsleiar/kontaktperson.	Arbeidsutval for SLT. Nyttar barne- og ungdomsplanen, rusmiddelpolitisk handlingsplan og andre aktuelle kommunale planar som arbeidsreidskap. Informasjonsutveksling og samordning av tiltak. Temamøte.	Minst to i året.
Referansegruppe for ungdomsmiljøarbeidar.	Ungdomsmiljøarbeidar, SLT-koordinator/leiande helsesystem, kulturkonsulent, barnevernet, politiet sin kontaktperson.	Informasjonsutveksling Samordne innsats	Om lag 10 gongar i året



POLITIET



Oppfølging av meldingar

Meldingar til operasjonssentralen/politiet skal først i politiet sin operasjonslogg for å sikre naudsynt dokumentasjon jamvel om oppdraget ikkje vert fylgt opp med ressursar. Kva som gjerast med den meldte hendinga skal koma fram i loggen.

Kommunen kan få data frå loggen som ikkje er teiepliktige, for å fylgje med på dei saker som vert melde inn og korleis politiet fylgjer desse opp.

Publikumsretta tilbod

Innbyggjarane i Tokke skal ha tilbod om å få utført dei sivile gjeremåla som politiet gjev elles i landet med unntak av passøknadar. Publikum må avtale med politiet på førehand for å få løyst desse oppgåvene om publikum ikkje kan møte dei vekedagane tenestestaden er ope.

Pass vert utstedt på tenestestader med passkiosk. I Øvre Telemark er det kontora i Vinje, Seljord, Bø og Notodden som har dette tilbodet.

Konkrete tiltak

Tokke kommune og Telemark politidistrikt forpliktar seg til å ha ekstra fokus på fylgjande utfordringar:

Tema	Utføring	Tid
Vest-Telemark vgs	Uniformert politi møter på skulen - t.d. i kantina, i store friminutt. Tilgjengeleg for prat og spørsmål. Verke tryggleiksskapande.	Minst 1 gong pr måned.
Natta før arbeidslivsmessa på Vest-Telemark vgs (februar kvart år)	Ekstra fokus frå uniformert politi, natteravnar, ein person saman med ungdomsmiljøarbeidar. Vurdere å sperre av enkelte parkeringsplassar og kommunale plassar for bilar. Formøte for å vurdere andre/fleire tiltak.	Kvar natt før arbeidslivsmessa. Tidsrommet 2000 – 0400.
Natt til 1.mai	Som over	Kvar natt til 1.mai. Tidsrommet 2000 – 0400.
Natt til 17.mai	Som over	Kvar natt til 17.mai. Tidsrommet 2000 – 0400.
Dalsmarken mai/juni	Som over	Tidsrommet 2000 – 0400.
Større arrangement	Som over	Tidsrommet 2100 – 0300.



POLITIET



Tokke ungdomsklubb	Politiet besøker ungdomsklubben på fredagar i den grad tenesta tillèt det. Skal vera tilgjengelege for spørsmål og prat. Delta på kortvarig aktivitet viss mogleg. Prioritert oppdrag.	Fredagar i ungdomsklubbens opningstider. Spesielt aktuelt haust og vinter.
Vera synlege på offentlege plassar i kommunens tettstader.	Politiet oppheld seg noko tid på ulike offentlege plassar og bedrifter rundt om i kommunen. Skal vera tilgjengelege for spørsmål og prat.	





Lista utelukkar ikkje andre gjeremål som politiet skal utføre i kommunen.

Utløp av avtala - evaluering

Denne avtala gjeld til ho vert sagt opp med minst eitt års varsel, eller partane endrar den i fellesskap.

Evaluering av samarbeidsavtala skal vera tema i kvart politiråd.

Tokke den 19 april 2012

			
Hilde A. Vågsli Ordfører Tokke kommune	Anne R. Pedersen Politimeister Telemark politidistrikt	Torodd Aase Driftseiningsleiar Driftsein. Midt/Vest	Bjørn H. Olsen Lensmann Tokke lmk